

Eresfjord Bygdelag – vedtekter

Framlagt og vedtatt i årsmøte/stiftelsesmøte 20.05.2025

Eresfjord Grendelag vart stifta i 1973. Namnet Eresfjord Grendelag vart endra til Eresfjord Bygdelag 8. februar 2011. Eresfjord Bygdelag vart offisielt stifta 20. mai 2025.

§ 1 Namn

Lagets namn er Eresfjord Bygdelag.

§ 2 Formål

Eresfjord Bygdelag har til formål å fremje og leie utviklinga i bygda til beste for alle som bur der, og som skal bu der i framtida. Laget representerer bygda utover, og styret skal sørge for at laget blir kjent og akseptert.

§ 3 Organisasjonsform

Eresfjord Bygdelag er organisert som ei foreining og registrert i Einings-registeret. Foreininga er ein frittståande juridisk person med medlemmer, og er sjølv eigande. At den er sjølv eigande inneberer at ingen, verken medlemmar eller andre, har krav på foreiningas formue eller eigendeler, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

§ 4 Medlemskap

Alle som er busett i Eresfjord kan rekne seg som medlemmar i laget. Laget skal arbeide på tvers av politiske og yrkesmessige skiljelinjer. Styret skal sørge for at kvar husstand får innkalling til møta og at møtereferat blir tilgjengeleg for alle. Det skal ikkje betalast kontingent.

Laget skal arbeide uavhengig av politikk, livssyn og legning. Møter i bygdelaget skal vere opne for alle og gjerast kjent i bygda på vanleg måte med oppslag fysisk og i digitale media.

Alle medlemmar har rett til å delta på årsmøtet, har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga.

§ 5 Styreform

Laget blir leia av eit styre på fem medlemmar. Leiaren blir vald av årsmøtet for eitt år om gongen. Dei fire andre i styret blir vald for to år (to av dei som blir valde i styret på det konstituerande møtet skal veljast berre for eitt år). På årsmøtet skal det veljast to varamedlemmar, ein for eit år og ein for to år. Styret vel seg i mellom nestleiar, sekretær og kasserar. Under val skal det takast omsyn til alder, kjønn, grender og ulike yrkesgrupper, slik at styret blir mest mogeleg representativt.

Årsmøtet vel også ein valkomité på tre personar etter forslag frå styret. Funksjonstida er 3 år med utskifting av eit medlem kvart år. Årsmøtet vel revisor for to år, etter forslag frå valkomiteen.

Styret er høgaste myndigheit mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmane forlangar det.

Styret er vedtaksført når minst tre styremedlemmer er til stades. Vedtak fattast med fleirtal av dei gjevne stemmene.

Styret kallar inn til bygdemøte etter behov når det er aktuelle saker.

§ 6 Løysing av oppgåver

Når laget finn ei oppgåve å arbeide for, kan styret velje ei gruppe til å ta seg av spesielt den. Dei som er interessert bør få vere med. Gruppa skal legge resultatet sitt fram for styret til godkjenning.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet er Eresfjord bygdelag si høgaste organ/instans. Årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars.

Melding om årsmøte skal gjerast kjent i bygda med minst 4 vekers varsel. Saker til årsmøtet må vere styret i hende seinast 14 dagar før årsmøtet. Sakliste for årsmøtet skal vere sendt ut 7 dagar før årsmøtet.

Representasjon på årsmøtet med stemmerett har alle som bur i Eresfjord og er over 15 år. Barn under 15 år er også velkomen på årsmøtet og kan komme med innspel til bygdelaget.

Årsmøtet er vedtaksført med det talet på medlemmer med stemmerett som møter, og alle medlemmar har ei stemme. Årsmøtet kan sjølv bestemme at årsmøtet ikkje er vedtaksført om dei meiner det er for få til stades. Møteleiar veljast av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere treft med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmene. Stemmeliikskap avgjerast med loddtrekning.

Årsmøtet kan ikkje handsame forslag som ikkje er oppført på sakslista, med mindre $\frac{3}{4}$ av dei frammøtte krev det.

§ 8 Årsmøtets oppgåver

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1. Godkjenne innkalling og sakliste.
2. Velgje møteleiar, skrivar og teljekorps, og to til å underskrive protokollen.
3. Godkjenne styret si årsmelding

4. Godkjenne revidert årsrekneskap
5. Godkjenne styrets forslag til plan og budsjett for kommande år
6. Evt. innkomne saker til årsmøtet
7. Val: (jf. § 5)
 - a Styreleiar for 1 år
 - b Styremedlemmar for 2 år
 - c Vararepresentantar for 1 år og 2 år
 - d Ein ny medlem i valkomité for 3 år, foreslått av styret
 - e Val av ein revisor for 2 år.

§ 9 Ekstraordinære årsmøter

Om ordinært årsmøte ikkje er vedtaksført, eller dersom styret eller 1/5 av dei røysteføre krev det, skal styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte med 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført uansett talet på frammøtte med stemmerett.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og ta avgjersle i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 10 Signaturrett

Det er «styret i fellesskap» som har signaturrett. Styret kan velje å gje signaturrett til ein eller fleire medlemmar i styret.

§ 11 Vedtektsendringar

Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krev 2/3 fleirtal av stemmene som er gjevne.

§ 12 Oppløysing av laget

Forslag om oppløysing av Eresfjord Bygdelag kan berre handsamast av ekstraordinært årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Ved oppløysing skal det gjerast vedtak om disponering av lagets eigendelar og evt. kapital. Foreiningas formue skal etter oppløysning og gjeldsavlegging tilfelle det formål foreininga arbeider for å fremme, ved at nettoformuen blir gjeve til ein ideell organisasjon som ekstraordinært årsmøte bestemmer.

Ingen medlemmar har krav på foreiningas midlar eller delar av desse.

Vedtektene er vedtatt i stiftelsesmøte/årsmøte den 20.5.2025.